

HØRINGSSVAR

Veivalg for fremtidig kirkeordning

Høring februar – mai 2015

Det vises til Kirkerådets høringsnotat *Veivalg for fremtidig kirkeordning*. I høringsnotatet presenteres en rekke temaer og veivalg for den fremtidige kirkeordningen med i alt 27 spørsmål.

Se bakgrunnsmateriale på denne nettsiden: www.kirken.no/kirkeordning

Høringsinstansen gjøres oppmerksom på at spørsmålene står i et visst forhold til hverandre, noe som er påpekt i teksten.

Det er også anledning til å gi svar kun på et utvalg av spørsmålene.

Høringssvar bes sendt elektronisk til post.kirkeradet@kirken.no.

(Skriv gjerne inn svarene i denne Word-fila og send den som vedlegg til epost).

Opplysninger om høringsinstansen:

Navn på menighet/kirkelig fellesråd/organisasjon: Time kyrkjelege fellesråd

Adresse: Postboks 373, 4349 Bryne

Kontaktperson: Olav Vegard Søyland

Høringsspørsmålene

1 Bør det gjøres endringer i fordelingen av oppgaver og myndighet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå? I så fall hvilke og hvorfor?

Svar: Soknet må framleis vera kyrkja si grunneining. I vårt område vert det gjort ein omfattande frivillig innsats i kyrkjelydane. Styrking av lokale ledd er ein føresetnad for å oppretthalda det frivillige arbeidet. Kyrkjelyden må ut frå dette ha større mynde og innverknad på eiga verksemd til dømes når det gjeld strategisk utvikling og påverknad i tilsetjingsspørsmål.

Så lenge kyrkja i hovudsak er kommunalt finansiert, er samspelet mellom fellesråd og kommune heilt avgjerande. Fellesrådsmodellen bør behaldast. Ved endring i

kommunestrukturen, må fellestrådsgrensene framleis vera samanfallande med kommunegrensene. Arbeidsgivaransvaret for alle kyrkjeleg tilsette bør samlast i fellestrådet.

Gravferdsverksemda bør framleis forvaltast av Den norske kyrkja. Ved organisatoriske og strukturelle endringar, må kyrkja ha midler til å ivareta denne forvaltninga på ein like god måte som i dag.

2 Deler høringsinstansen Kirkerådets vurdering om at dagens finansieringsordning er den beste til å sikre en bred folkekirke?

Svar: Ja.

3 Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kirke faller bort, hvilken ordning vil høringsinstansen gå inn for? Begrunn synspunktet.

Svar: Det beste alternativet vil i så fall vera ei livssynsavgift som vert innkrevd over skattesetelen og som så vert fordelt til dei ulike trus- og livssynssamfunna ut frå medlemstal.

4 Hvordan kan kirkestrukturen forenkles for at knappe ressurser kan bli rasjonelt utnyttet?

Svar: Bispedømmerrådet si rolle kan med fordel reduserast til fordel for lokale, kyrkjelege organ.

5 Har høringsinstansen synspunkter på kriteriene for soknestørrelse og sokneinndeling i en fremtidig kirkeordning?

Svar: Det bør vera fleksibilitet kring soknestorleik, slik at det ved endra føresetnadar bør vera relativt enkelt å få gjennomslag for lokale ynskje om endringar i storleik. Eit sokn bør vera stort nok til å ha eit berekraftig grunnlag for stabsfunksjonar, frivillig kyrkjelydsengasjement og økonomisk ryggrad.

6 Bør ordningen med to organer for soknet (menighetsråd og fellestråd) videreføres?

Svar: Ja.

7 Hvis ordningen videreføres: På hvilket nivå bør fellesorgan for flere sokn ligge (kommunenivå eller annet nivå, f.eks. prostinivå eller bispedømmenivå)?

Svar: Fellestrådet som fellesorgan for fleire sokn bør framleis liggja på kommunenivå og fylgja kommunegrensene.

8 Hvis ordningen videreføres: Bør det gøres endringer i oppgavefordelingen mellom menighetsråd og fellesråd?

Svar: Oppgavefordelinga mellom fellesråd og sokneråd tykkjest fungera godt i dag, og den bør vidareførast.

9 Bør all virksomhet i soknet underlegges styrings- og ledelsesansvaret til soknets organer?

Svar: Ja.

10 Hvordan bør daglig ledelse for virksomheten i soknet organiseres?

Svar: Soknepresten skal ha hyrdeansvar i kyrkjelyden og ha hovudansvar for gudstenester og andre kyrkjelege handlingar, for sakramentsforvaltning og forkynnande verksemd i tråd med tenesteordning for prestar.

All verksemd i soknet bør inkluderast i styrings- og leiingsansvaret for soknet sine organ. Arbeidsgivaransvaret for alle kyrkjeleg tilsette bør liggja i kyrkjeleg fellelsråd.

Soknerådet sitt administrative ansvar bør forvaltast av ein tilsett administrasjonsressurs for kvart sokn, primært ein dagleg leiar.

11 Hvilken rolle bør biskopen ha i en fremtidig kirkeordning?

Svar: Biskopen må framleis kvalitetssikra prestetenesta og ha tilsyn med kyrkjelydane og medarbeidarane i bispedømmet.

Biskopen bør ha ei rolle ved tilsetjing i prestestillingar og andre vigsle stillingar men ikkje arbeidsgivaransvar. Det er eit hevdvunne prinsipp i andre samanhengar, at for å unngå habilitetsproblem, så bør den som har tilsynsansvar ikkje samstundes ha arbeidsgivaransvar. Arbeidsgivaransvaret bør liggja hjå kyrkjeleg fellelsråd, tilsynsansvaret hjå biskopen.

Biskopen bør vera ein visjonsberar for kyrkja som kan vera inspirerande og trusstyrkande for heile kyrkjelyden.

12 Hvilke virkemidler bør biskopen ha for å kunne ivareta tilsynet på en god måte?

Svar: Biskopens tilsynsrett og tilsynsansvar må oppretthaldast og vidareførast.

Biskopen skal framleis ordinera til presteteneste.

Biskopen må ha ein sentral rolle når det gjeld forvaltning og tolking av kyrkja sitt teologiske grunnsyn.

Biskopen bør framleis ha eit hovudansvar når det gjeld forordning av gudstenester og forvaltning av grunnleggjande kyrkjelege handlingar.

Biskopen bør framleis ha eit ansvar når det gjeld godkjenning av lokale planar for diakoni, kyrkjemusikk, undervisning / trusopplæring og gudstenesteliv.

13 Hvordan bør utpeking av biskoper skje i en fremtidig kirkeordning?

Svar: Som i dag.

14 Bør bispedømmerådet opprettholdes som rådsorgan på bispedømmenivå, og hva skal i så fall være bispedømmerådets rolle i kirkestrukturen?

Svar: Ja, men oppgåvene kan endrast noko.

15 Hvilke oppgaver bør i så fall legges til bispedømmerådet?

Svar: Dersom arbeidsgiveransvaret for alle kyrkjeleg tilsette vert samla i kyrkjeleg fellesråd, vil det måtte vurderast om bispedømmerådet skal oppretthaldast. Vi trur likevel rådet vil ha ein funksjon som:

- Rådgivande organ for biskopen
- Organ for strategisk arbeid i bispedømmet
- Organ for fordeling av statlege ressursar
- Arbeidsgivar for tilsette ved bispedømmekontoret

Bispedømmerådet vil framleis kunne rekruttera ein viss del av medlemmane til Kyrkjemøtet, men også lokale kyrkjelege organ bør vera representerte her.

16 Bør alle ansatte ha den samme arbeidsgiver og hvilket organ bør dette i så fall være?

Svar: Ja. Kyrkjeleg fellesråd bør vera arbeidsgivar for alle kyrkjeleg tilsette.

17 I hvilken grad bør arbeidsgiverfunksjoner fordeles på de ulike organer? (Biskopen regnes i denne sammenheng som et organ).

Svar: Arbeidsgivarfunksjonane bør samlast i kyrkjeleg fellesråd.

18 I hvilken grad bør det åpnes opp for lokale og regionale variasjoner i organiseringen av arbeidsgiveransvaret?

Svar: Organiseringa av arbeidsgivaransvaret bør vera likt for heile kyrkja.

19 Hvordan bør man på best mulig måte ivareta særpreget til prestetjenesten og andre vigslede tjenester?

Svar: Prestetenesta sin posisjon og presten sitt unike ansvar som kyrkjelyden sin åndelege hyrde må lyftast fram. Prosten sin rolle som rådgivar for prestane og forvaltar av tilsynet med den pastorale leiarskapen i kyrkjelydane bør behaldast.

20 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkemøtets rolle i kirken?

Svar: Kyrkjemøtet bør, i større grad enn nå, spegla mangfaldet i den kyrkjelege rådsstrukturen. Med dagens ordning der bispedømmerrådsmedlemmane utgjer den leke delen av Kyrkjemøtet, kan møtet i for stor grad fungera som bispedømmerråda sin interesseorganisasjon. Kyrkjemøtet treng representantar som er knytta til den lokale rådsstrukturen, særleg når det skal gjerast vedtak som har organisatoriske og økonomiske konsekvensar for kyrkjelydane.

21 Har høringsinstansen synspunkter på hvordan Kirkemøtet skal settes sammen?

Svar: Det bør innførast ordningar der representantar frå sokneråd kan utgjera ein viktig del av Kyrkjemøtet.

22 Har høringsinstansen synspunkter på Bispemøtets oppgaver og rolle i kirkeordningen, herunder forholdet til Kirkemøtet og Kirkerådet?

Svar: Bispemøtet bør ha ansvar for å fremja saker av teologisk karakter for Kyrkjemøtet.

23 Har høringsinstansen synspunkter på spørsmålet om ledelse av biskopene?

Svar: Som i dag.

24 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkerådets funksjon og sammensetning?

Svar: Kyrkjerådet sin funksjon som utøvande organ for Kyrkjemøtet bør vidareførast. Kyrkjerådet bør framleis ha minst ein representant frå kvart bispedømme.

25 Bør ordningen med en egen lærenemnd videreføres, og hvilken funksjon skal en slik nemnd i så fall ha?

Svar: Lærenemnda for Den norske kyrkje bør vidareførast..

26 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ansvaret for samisk kirkeliv skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

Svar: Ingen synspunkt

27 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ungdomsdemokratiet og Ungdommens kirkemøte skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

Svar: Som i dag.

Høringsvaret er vedtatt i Time kyrkjelege fellestråd 22.04.2015 under sak 19/15 «Vegval for framtidig kyrkjeordning».

Bryne 15.05.2015



Olav Vegard Søyland

Kyrkjeverje i Time

